

Fra: Lars Kjetil Skeie[Lars.Kjetil.Skeie@hydro.com]
Sendt: 17.01.2024 09:50:15
Til: Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde;ogkrakhellen@gmail.com[post@helse-forde.no;ogkrakhellen@gmail.com]
Kopi: einar rysjedal[gautekaten@online.no];
Tittel: Uttale i samband med behandling av Tronvik

LO Ytre Sogn ber om at denne uttalen fra vår side blir lagt inn som del av dokumenta til Helse Førde sitt styremøte 25. januar:

Samandrag:

***Psykiatrisk klinikk – Rus døgn på Tronvik er eit godt
behandlingstilbod for menneske med rusproblem. Tronvik er dermed
ein viktig del av Helse Førde sitt samla helsetilbod. LO i Ytre Sogn
krev derfor at føretaksstyret på møtet 25. januar avviser forslaget om
nedlegging av institusjonen.***

*LO i Ytre Sogn organiserer LO-medlemene i kommunane Høyanger,
Hyllestad og Solund. Vi ser med forargning på foreslått nedlegging av
Psykiatrisk klinikk – Rus døgn på Tronvik. Styret i LO i Ytre Sogn kan ikkje
stilleteiande akseptere nedlegging.*

*Rusavhengige er blant dei mest vanskelegstilte i samfunnet vårt. Vi kan
derfor ikkje godta at desse skal setjast nederst ved bordet når eit
økonomisk budsjett skal vedtakast.*

*For LO er det viktig å stille seg på også dei vanskelegstilte si side.
Menneske med rusproblem er menneske som med rett behandling, som
det blir gitt på Tronvik, kan få ein sterkt forbetra livskvalitet og halde fram i
arbeidslivet.*

*Tilbodet ved Tronvik, med tverrfagleg spesialisert rusbehandling og
døgnbehandling, er såleis mellom dei beste vi har. Tilbodet er derfor mykje
dyrare å miste enn kva nedlegging av denne eine posten på Helse Førde
sitt budsjett viser i innsparingar.*

*Nedlegging av Tronvik kan av styret gjerast berre ein gong medan
livskvaliteten, helsevinsten og samfunnsnytten ved vidare drift er der kvart
år, så lenge institusjonen får leve og utvikle seg.*

*Vi skal heller ikkje underslå at arbeidsplassane er viktige i lokalsamfunnet
og Høyanger kommune, og Tronvik utifrå også dette må oppretthaldast.
Nedlegging av Tronvik vil for dei tilsette bety pendling – eit liv som betyr
ekstra slitasje.*

*For LO i Ytre Sogn
Lars Kjetil Skeie*

NOTICE: This e-mail transmission, and any documents, files or previous e-mail messages attached to it, may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, or a person responsible for delivering it to the intended recipient, you are hereby notified that any disclosure, copying, distribution or use of any of the information contained in or attached to this message is STRICTLY PROHIBITED. If you have received this

transmission in error, please immediately notify the sender and delete the e-mail and attached documents. Thank you.